

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5

Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Støren

Emne: Vassbering

Bygdelag: Haukdalsgrenda

Oppskr. av: Jens Haukdal

Gard: Haukdal, Sørstua

(adresse): S n ø a n

G.nr. 59 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Kari J. Hugdal, 60 år, Haukdal, Sørstua, husmor

SVAR

Frå alders tid var det vassbering på alle bustader her i grenda. Ein bar med to bøttor og vasstre (eit)

Vasstreet var for det meste rett men endane hang noko ned mot festestaden for vidjone (daglegtale "vegjun") Ein har òg havt vasstre med utholing for halsen, men det først nemnde rette vasstreet var det vanlege.

Ein bar eine bøtta noko framfor seg og den andre bak.

Vasstre med reim fest i begge endane til å hengja i reima over nakken er ikkje kjend her.

Frå gammal tid var det bruka vidjor ("Vegju") med trekrokar i. Desse vart seinare avløyste av jarnstenger med jarnkrok. Desse jarnstengene hadde ein led må midten. Var altså todelte.

Slike vasstre er framleis i bruk på sætrene. Dei har både vidjor og jarnstenger alt etter som det høver, men trekrokane ser ein ikkje meir. Dei er no skifta ut med jarnkrokar. Vasstrea blir bruka til å bera vatn inn i bua, til å bera kudtikke i fjøset, til å bera inn mjølka og til å bera mjølka frå mastu til kokbua.

Noko sernamn på dei ymse deler av vasstreet har ein ikkje her i grenda. Ein nemner det heile "vasstreet" og meiner da treet med jarn og krokar.

I lange tider sleit ein så med trebøttor til vassberinga. Omkring åttiåra gjekk ein så meir og meir over til å bera i sinkbøttor, men det tok lang tid innan alle hadde skaffa seg sinkbøttor.

2 Ein har ikkje døme på at ein har bruka kar med to øyro til vasshenting, men slike kar er kjende her under nemninga "stamp" (ein) "avlangstamp" nemner ein dei ovale typane.

Det vart aldri lagt noko i bøttone til hindring av skvulping når ein bar vatn. Beraren hadde trening i å bera "vasskjørøldet" slik at det ikkje "skvølp" over.

Vasskjørøld, nemnde ein dei to bøttone ein fekk med i ei

2
vending. Ein meinte da på vatnet og ikkje på bøttene.

Vasstreet vart bruka til å bera mjølka inn frå fjøset. Somme stader er det framleis i bruk til det heime på garden omframt på sætra, men på gardane blir det minder og minder av det.

3 Å skuva vasskar framfor seg på eit ski om vintrane har ikkje vore bruka her.

4 Vassberinga fall oftast på kona og tenestgjenta. Karane hadde mykje arbeid i skogen. Dei skulle trøska og dei skulle køyra heim markahøyet. Ferdakøyringa tók og mykje tid.

5 Å bera vatn med vasstre er framleis i bruk. Serleg siste vinteren, som var uvanleg hard slik at mest alle vassleidningar fraus, måtte vasstrea fram att så å segja i heile grenda. Elles er det ikkje mange stader i grenda at ein ber vatnet i vanlege år. Det er berre fire - fem småbruk, tidlegare husmannsplassar, som ikkje har innlagt vatn.

6 Køyring med vogn og slede har vore i bruk siste vinteren. Men ein får segja at det er berre til naudberging.

7 Stort sett er det no innlagt vatn både i kjøkken og fjøs her i grenda og i bygda elles, men det fins enda bruk som ber alt vatnet både til stuggu og uthus. - Det er langt fram til det ein så fint nemner "jammstelling".

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

591

BYGDØY

Sør-Tr. lag
Skören.


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR: NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?

Denne eller liknade måtar å bera vatn på kan ingen segja at har vore bruka her i bygda.



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ?

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

Slike brenselemne har ein ikkje bruka her da det alltid har vore meir enn nokk av ved å finna i skogane.

Svara er gje av J.Haukdal,
Snøan, og gjeld for Haukdals-
grenda og nermaste grannelag-
et.

2176

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING